

**Samrøystes for ny konkurranse**

10.04.2015

**Formannskapet har samrøystes vedteke innstillingen frå rådmannen om utlysing av ny konkurranse på oppføring av 12 omsorgsbustader basert på leigeavtale i 30 år. Formannskapet gdkjente anbudsgrunnlaget og rådmannen fekk godkjenning til å inngå kontrakt med vald utbyggjar. Kjell Yri (V) sette fram forslag om at formannskapet skulle inngå denne kontrakta, men fekk berre 2 røyster.. Formannskapet føreset at kommunen vert tildelt investeringstilskot frå Husbanken.**

Då saka var oppe sist var det to alternativ, Omstun i Rosendal og Kvinnherad Vekstbedrift i Uskedalen men då vart konkurransen avlyst. Ei utviding av Omstun bufellesskap har stått på dei kommunale prioriteringslistene dei siste 6 åra. Trongen for slike bustadar er framleis stor. 6-8 brukarar har ikkje eit godt nok butilbod eller treng tettare oppfølging i bufellesskap.

Gruppeleiar Rune Bergstø Jacobsen ved Omstun skreiv under saksførebuinga at ein vel må lage omsorgsbustader i Uskedalen, men ikkje for brukargruppa på Omstun. Det vil verta svært kostnadskrevjande og uetisk i forhold til problemstillingane til brukarane. Fokuset bør setjast på kven som skal bu der og utfordringane og problemstillingane rundt dei, skreiv Bergstø Jacobsen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen.